

FAU møte 19.10.23
SFO-rommet kl 18.00

Tilstades: Roger, Wenche, Alima, Anne-Beate, Hege, Thomas, Eva, Tene, Katrine, Kristin Kvamme Rasch var invitert til møte for å orientere om frivilligheitskoordinatorrolla si. Rektor ynskja å vere med på møte for å orientere om to saker.

Wenche ynskta velkommen til møte. Og la fram sakslista.

Først skulle me ha to orienteringar, så vil FAU ta opp aktivitetar FAU skal gjere framover. Me skulle og snakke litt om økonomien til FAU.

Før møte er det planlagt eit skriv til skulen om juletreffesten frå FAU. Det har komme inn fleire innspel på saka, men det var ikkje plan å ta opp dette i møte på dette tidspunktet. Rektor er ikkje førebudd på denne saka til dette møte.

Orientering 1:

Frivilligkoordinator Kristin informerer om sin stilling og løysingar som ho ser for det

- Fått transportmidlar 80000 som ungdomsrådet disponerer. Elevane/ grupper må søke til ungdomsrådet for å få bruke av desse pengane.
- Frivilligsentralen blir på gamle legekantoret. Lokalet skal være tilgjengeleg for alle. Ungdommar skal få bruke det gamle kontoret til helsesjukepleiaren. Kristin har snakka med faglærar i arbeidslivsfag, om moglegheit til å male og pusse opp dette rommet. For at rommet skal vere ope på ettermiddagstid, må foreldre og frivillige til å vere på der i opningstida. Det kom forslag frå FAU om at som føresette, lag og organisasjonar melder seg til å stå på ei vaktliste.
- Kristin ønsker at skulane i Masfjorden skal lage til arrangement som dei dei invitere dei andre skulane i nærleiken til. 9. klasse har snakka om at det er interesse for dei å lage valentinsball. For å få til dette, er ein avhengig at føresette er villige til å stille som vakter, og hjelpe elevane kvart år.. Det var påpeika frå FAU at ein bør finne på faste aktivitetar som ikkje kjem til hinder for dei allereie etablerte treffpunkta som er i distriktet vårt.
Rektor kom med innspel at elevrådet ynskjer å arrangere ein quizkveld før jul. Elevrådet ynskjer å prøve med elevar på skulen først. Visst dette fungerer prøve igjen etter nyttår og invitere andre skular. Gunn Marit trenger 2 foreldre som kan være med å arr det. Alderstrinn 7-10 klasse.
- Kristin skal få ut meir informasjon om UKM på skulane slik at fleire blir med på dette. Gjere eit samarbeid med Gulen, som har sin eigen UKM-kveld på Dalsøyra. Det vert workshoppar som elevane i Masfjorden ogå vert inviterte til. Det vart nemnd aktivitetar som graffiti, dans og band.

Orientering 2:

Rektor informere om desse sakene

- Samarbeid med høgskulen. Tema undervisning i nærmiljøet. Ønsker å bli betre på å bruke nærmiljø i undervisninga. Tema på skulen no er sau i 1. til 7. klasse og stølsdrift og stølane i nærområdet på ungdomsskulen. Har orientert om prosjekta, som er tverrfaglege prosjekt.
- Han snakka og om skulen som UNESCO-skule. Søkta om dette på Nordhordland er eit eige biosfæreområde. Erasmus+ prosjekt. Samarbeid med 2 andre skular. Ein i Tyskland og ein i Ungarn. Mangeårig prosjekt. Informerer om fordelene med prosjektet. Få besøk frå dei andre skulane i prosjektet og reise til dei andre skulane. Valfritt om ein vil være med.
- FAU stilte spørsmål om korleis desse prosjekta påverka læringa og læringsutbytte til elevane, og om Erasmusprosjektet var for lærarane eller elevane si læring. Rektor svarta med å forklare om tverrfagleg undervisning og djupnelæring. Ut i frå det rektor fortel, oppfattar FAU at Erasmusprosjektet er ei måte å vise skular i ulike land korleis skulekvardagen og undervisninga er i ulike land.
- SFO: Spørsmål om å endre tidspunkt på varmt måltid frå to til elleve. FAU har ingen motføresetnadar til det. Dei elevane som ikkje får varm måltid bør få redusert matpengebetaling.
Det er leksehjelp som aktivitet på SFO tysdag og torsdag. Elevane som vil, kan gjere lekser på SFO. Dette kjem i tillegg til den leksehjelp som er på mellomsteget og ungdomsskule. Årsramma og organiseringa av leksehjelpa er ikkje endra.
Måltid: Endring på sfo måltidet som blir laga til 14.15, blir bytta om til kl 11.
Matpakken som dei har med blir ete kl 14.15. Slik at dei som ikkje går på SFO får være med på måltidet. Ca 100 kr pr mnd for dei som ikkje er på sfo. FAU har godkjent dette.
- Trafikksikker skule: Skulen har fått tittel om trafikksikker skule. Der er laga ein plan over opplæring i trafikktryggleik. Skulen sender ut påminning i VFS om alle som hentar og bringer på skulen og sfo må bruke oppmerka parkeringsplassar. Pass på at ein ikkje står der skuleskyssen køyrer, svingar inn og parkerer.
- Økonomi: Innspel frå rektor:
Moms etter gamal mjølkeordning ligg på ein prosjektkonto. Her står det 50 000 kr. Rektor ynskjer å bruke desse pengane på å oppgradere uteområdet. Det vart påpeika frå FAU at vedlikehald av uteområdet må gå frå driftsbudsjettet til skulen eller teknisk etat. FAU ynskjer å høyre med dei andre skulane om korleis dei bruker desse pengane.
- Det kom innspel frå representant om FAU om rutinar med bussvakt. Fungerer plassering av elevar, og får elevar plass på bussen? Det vart etterspurt tilbakemelding på gamal sak. FAU oppfordrar skulen til å gje tilbakemelding i fornuftig tid til føresette.

Rektor var ferdig med si orientering. Han spurde om det var greitt at han vart med på resten av møte. Det var ikkje motføresetnader til det.

Sak 1 – aktivitetar i FAU

Fram mot jul ynskjer FAU å lage halloweenfest til småskulen og mellomsteget + ein elevkveld for ungdomsskulen.

FAU ønsker å arr Halloweenfest. Dei som sitt i FAU for dei forskjellige klassetrinna går saman om å planlegge dette. Festen vert torsdag 02.11

1-4 kl: Eva, Thomas og Tene

5-7kl: Anne Beate, Roger og Katrine

Wenche tar kontakt med Gunn Marit. FAU-representantane frå ungdomsskulen; Hege, Mona og Wenche hjelper å planlegge etter at ho har snakket med Gunn Marit.

Møtetida var slutt, men juletrefesten kom opp som tema, då FAU-leiar orineterter rektor om at det kom til komme eit brev om juletrefesten.

Rektor fekk spørsmål om kvifor det ikkje vert juletrefest. Han orienterte om at alt arbeidet med samarbeidet med høgskulen, Erasmus-prosjektet og Unesco-skule tok for mykje tid, slik at det ikkje er meir tid til å planlegge og jobbe med juletrefesten. Dette har dei tilsette og rektor bestemt i lag.

FAU er skuffa over å ikkje bli høyrd i saka, og er skuffa over at det ikkje vert juletrefest. Det er viktig for FAU at det er eit møtepunkt mellom elevane, lærarane og heimane. Både elevar og føresette ynskjer at denne festen vert arrangert. FAU veit at juletrefesten har vore tema på elevrådsmøte også.

Juletrefesten har vore ein fin tradisjon og eit veldig positivt møtepunkt for skule og heim. Det kom fram i møtet at det er framleis føresette som ikkje har møtt, eller kjenner til nokre av dei tilsette på skulen.

Rektor orienterte om at det framleis vert musikal og at det var planlagt ein kveld på skulen der føresette vert invitert til våren.

FAU sitt innspel til dette er at dei ynskjer juletrefest i staden for musikal. Det kom og forslag om å kutte ut Erasmus-prosjektet.

Rektor seier at det uansett ikkje vert juletrefest i år. FAU seier seg villig til å bidra, dersom det vert juletrefest igjen. Det vart påpeika at det er veldig hyggjeleg som føresett og familie å bli invitert til ein slik kveld.

Møte slutt 19:50.

Referent:

Hege Oppedal

Wenche Dåe

Her er nokre innspel om juletrefesten som har komme inn frå ulike føresette:

- Skulen kan bruke Erasmus-programmet til å vise fram tradisjonen med juletreffesten til andre skular. Vise fram korleis ein feirar jul i Noreg.
- Eg synes dette er synd då det var det einaste arrangementet der heile skulen og foreldre var inkludert. Om det er for mykje arbeid med å øve inn ein førestilling så kan ein fint gjere det mykje enklare. Men eg synes det er kjekt med ei markering før jul med litt julesanger og å gå rundt juletreet med ungene. Ungene sett stor pris på besøk av julenissen og 😊
- Det er feil at valet om å kutte ut juetrefesten berre vert tatt av dei tilsette og rektor.
- Med alt fokus på samarbeid heim-skule, så synes eg også at juletreffesten bør gjenopptas, den er veldig samlande og positiv for det målet! 😊
- Syns og at det er synd, spesielt siden dei får det til på dei andre skulane (i allefall på Matre – gjere likt i heile kommunen.